



Sykkylven jeger og fiskeforening
Pb.63
6239 Sykkylven

Bankkonto nr. 40453031960

Leiar: Johnny Winsjansen
tlf. 70 25 23 21
mob. 97 00 40 10
E.post: sykkylvenjff@njff.org

Sekretær: Helge Ekornåsvåg
tlf 70 25 24 30

Kasserar: Bjarne Enstad
Tlf. 70 25 16 34

Høringsuttale SJFF Kroken kraftverk

Sykkylven JFF er ei lokalforeining tilslutta NJFF sentralt, og har jakt, fiske og friluftsliv som sentrale arbeids- og interessefelt. Særleg er SJFF oppteken av den lokale, kommunale naturforvaltninga. Når det gjeld det planlagde Kroken kraftverk i Regndalen har vi to ulike moment som vi meiner må tilleggast vekt når NVE skal avgjere søknaden.

Svært lita minstevassføring. Med ei planlagd minstevassføring på berre 50 l/sek i vintermnd(6-7mnd) er det stor fare for tørrleggjing/uttørking/nedising av yngel, rogn og vasslevande innsekt i denne delen av elva. Regndalselva er ein del av Fetvassdraget, og både laks og ikkje minst sjøaure går opp i elva for å gyte. Elva er ei viktig gyte- og oppvekstelv, særleg for sjøaure. I tillegg er der stadeigne stammar av bekkauere. Situasjonen for sjøauren er kritisk, ikkje minst i vårt fylke og nabofylka, der auren kjempar ein svært vanskeleg kamp mot millionar av lakseluslarvar som året rundt driv innerter fjordsystema der sjøauren lever og oppheld seg. Det er nasjonalt fokus no på å prøve å berge og byggje opp att livskraftige stammar av sjøaure igjen. Eitt vesentleg tiltak er å verne og gjerne forbetre så mange som muleg av dei små elvane/gytebekkane som sjøauren i større grad enn laksen er avhengig av. Regndalselva er ei slik elv, og SJFF meiner ei kraftutbygging her med så lav minstevassføring lett kan få alvorlege følgjer for rogn og yngel. Der er dessutan mange døme på uhell og utilsikta stopp/problem, t.d. med omløpsventilar, som på kort tid har fått drepende konsekvensar.

Fetvassdraget med sine sideelvar var for inntil få tiår sidan den desidert beste sjøaureelva i Sykkylven, ja, ei av dei beste og mest besøkte elvane i regionen. No er det berre nokre restar igjen av den tidlegare så talrike sjøauren. Målsetjinga i dag både for lokale, regionale og nasjonale styresmakter er å byggje opp att sjøaurestammane. I dette perspektivet meiner Sykkylven JFF det må vere rett å verne om Regndalselva som viktig gyte – og oppvekstelv.

Det andre momentet som Sykkylven JFF vil trekkje fram som vesentleg er det unike og sterkt verneverdige med heile Regndalsområdet, etter vårt syn klart overordna lokale, kommunale verneomsyn. Eit kraftverk midt i denne urørte, ville og vakre naturperla er ei sak for langt fleire enn vi som er fastbuande i området. Rundt om i landet vårt bør det kunne vere vassdrag og naturområde i sin urørte, naturlege tilstand også i framtida. Regndalen er enno slik. Her har etter SJFF sitt syn naturforvaltande styresmakter på alle nivå eit klart verneansvar.

Sykkylven jeger og fiskeforening

Johnny Winsjansen
Leiar
Sign

Helge Ekornåsvåg
Sekretær
sign